

30 smånissar opna julefestinga

23.11.2011



Taktfast i hallen i kveld

Den første julefesten er allerede avvikla. Det skjedde i kveld og fram møtet var upåklageleg trass i det ruskete veret. Det skræmer slett ikkje uskedelingane når noko skal haldast. Turngruppa sto bak arrangementet i Aktivitetshuset og 30 smånissar var i livleg aksjon, like mange frå 2 grupper.



Servering ved eldsjelane, frå venstre står Tone Kristoffersen, Janne Hjørneveg og Åshild Haukenes

Det var barnetrimmen og idrettsskulen som runda av sesongen og det var med rundt 15 frå kvar av gruppene. Gruppee for dei vaksne heldt på lenger før dei rundar av medan dei små har tradisjon for å slutta ved desse tider, opplyser turngruppa.

Det var Tone Kristoffersen som var programleiar. Først var det dei minste som boltra seg og var så flinke at dei utløyste trampeklapp. Og begeistringa heldt seg heile halvtimen igjennom, også då deltakarane ifrå idrettsskulen hadde framsyning og var i taktfast aksjon. Dei dansa klassevis, først dei to første og så dei to neste.

Etterpå serverte eldsjelane i gruppa kaker og kaffe i imponerande omfang og tempo og det var også loddsal. Turngruppa har samla sett ein oppslutnad som ein truleg må reise langt for å finna maken til.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Unge turnarar får hjelp. Her er det Frøy, Trym og Birk Sæle som får assistanse av mellom andre mor Valborg Helen Sæbøe